



Nye Sogndal kommune

<b>Nr.:</b>	<b>Tittel på arbeidsgruppa:</b> <b>Arkiv</b>		
<b>Oppnemnd:</b> <b>12-1-18</b>	<b>Oppnemnd av:</b> <b>Administrativ styringsgruppe</b>	<b>Frist for gruppa:</b> <b>Fase 1: 1.4.18</b>	<b>Saksnr.:</b> <b>18/248</b>
<b>Mandat til arbeidsgruppa:</b> <b>1. Kunnskapsgrunnlag</b> Utarbeide eit kunnskapsgrunnlag for tenestområdet som skildrar: 1.1 Status for tenestområdet i dag. 1.2 Gjeldande avtaler internt og mot tredjepart. 1.3 System og programløyisingar. 1.4 Kompetanse. 1.5 Relevante nøkkeltal. 1.6 Utfordringar med grunnlag i nasjonale og kommunale føringar.  Frist for kartleggingsfasen blir sett til 01.04.2018. <b>2. Tiltaksplan</b> Temagruppene skal lage ein tiltaksplan for oppgåver innanfor ansvarsområdet som må løysast før den nye kommunen er på plass. Tiltaksplanen skal innehalde: <ul style="list-style-type: none"><li>• omtale av tiltaket</li><li>• ansvar og omfang</li><li>• når ferdig.</li></ul> <b>3. Grunnlagsdokument</b> Med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget, utarbeide eit grunnlagsdokument som skildrar satsingsområder, mål og strategiar for tenestområdet. <b>4. Organisasjonsplan</b> Med bakgrunn i grunnlagsdokumentet, utarbeide ein organisasjonsplan for tenestområdet som skildrar organisering, lokalisering og rolle- og tenestefunksjonar. Organisasjonsplanen skal bygge på overordna prinsipp for organisering som er vedteke av overordna organ. <b>Ressursbruk og effektivisering</b> I arbeidet med grunnlagsdokumentet og organisasjonsplanen skal det takast omsyn til aktuelle føringar og målsettingar i politisk plattform for «Nye Sogndal kommune». Vidare skal det takast omsyn til best mogleg bruk av ressursar og effektivisering av tenestene. <b>Framdrift</b> Arbeidet med planlegging og førebuing av «Nye Sogndal kommune» vil bli forankra i ein eigen «Prosjektplan». Prosjektplanen kjem på plass når prosjektleiar/ny rådmann startar opp. Prosjektplanen vil fastsetje eigen framdriftsplan for både dei politiske og administrative arbeidsgruppene. Frist for punkt 2, 3 og 4 vil styringsgruppa difor kome tilbake til.			
<b>Leiar i arbeidsgruppa:</b> Reidun Hågvar <b>Medlemmar i arbeidsgruppa:</b> Nina-Helen Flatebø Reidun Hågvar Sondre Kleppa Øvrebø Tillitsvald: Hildur Irene Vatlestad			
<b>Avslutta:</b>	<b>Vedteke av:</b>	<b>Utv.nr:</b>	
<b>Merknader:</b>			